

# MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 21.00
Aurland	Fjellstyret	Fjordsenteret	15.4.24	

## TIL STADES PÅ MØTET

**Medlemar** Eerling Nesbø, Reidun Bøe Bjørgum, Bjørn Ebne, Tor Olav Kvam.

**Vara-  
medlemar**

**Andre**

## HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

21/24, 22/24, 23/24, 24/24.

## UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

## UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og -varamedlemene.

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.4.24

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 21/24. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker låg føre:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 7. mars
- 2) Møte med Hafslund E-co 20. mars – om fiskeutsetjing i regulerte vatn
- 3) 13.3: E-post frå Aurland skyttarlag v/Magne Forberg med spørsmål om kva type fellingsløyve som går til jaktkarusellen  
**Merknad:** Skyttarlaget får melding om at det er fellingsløyve for bukk som vert tildelt, i tråd med vedtak i villreinnemnda.
- 4) Protokoll Nærøyfjorden verneområdestyre 4.4: Referatsaker; klage frå Aurland fjellstyre
- 5) 9.4: Spørsmål frå 17. mai-komitèen i Aurland om gevinst til loddsal  
**Merknad:** Fjellstyret gjev eit sesongkort for garn- stong- og oterfiske i statsallmenningen til utlodinga.
- 6) 11.4: Årsmøte i villreinutvalet for Nordfjella – saker
- 7) Samjaktavtale for Nordfjella jakta 2024  
**Merknad:** Grunneigarlaget for villreinvald har gått inn for å opna for samjakt onsdag den 28. august, alle dagar. Fjellstyret støttar dette.
- 8) 12.-13.4: Villreinmøte Hardangervidda

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.4.24

Stad: Fjordsenteret

---

### Sak 22/24. Uttale i samband med oppretting av avtale mellom Hafslund Eco og Statskog SF om grunn disponeringstiltak ved rehabiliteringa av Nyhellerdammen

Saksutgreiing låg føre.

#### **Samrøystes vedteken uttale:**

Det er eit stort anleggsarbeid som skal gjennomførast i samband med rehabilitering av Nyhellerdammen. Det meste av inngrepa skal gjerast på Hafslund Eco sin eigen grunn, men det vert og betydelege inngrep på statsallmenningssgrunn. Masseuttak under HRV, område for mellomlagring av massar både under og over HRV, utviding av anleggsvegar m.v. er mellom dei tiltaka som skal gjerast på allmenningen.

Fjellstyret forstår at dette er tiltak som vert gjort som følgje av statlege pålegg om damsikring, og at det ikkje er nokon veg utanom. Fjellstyret meiner at Hafslund Eco har lagt opp til eit godt løp når det gjeld informasjon om dei planlagde tiltaka til fjellstyret og andre aktørar, og at det er god von om at ulempene for allmenningsbrukarane ikkje skal verta for store.

Erstatning for masseuttak er noko som må avklarast i avtalen mellom Hafslund Eco og Statskog SF, der summene ein vert samde om går til Grunneigarfondet. Fjellstyret vil peika på at tap av beiteareal i anleggstida og seinare må kompensereast gjennom ein eigen avtale mellom Hafslund Eco og fjellstyret. Dette er nye tiltak som ikkje har vorte handsama i tidlegare erstatningsprosessar.

### Sak 23/24. Forvaltingsplan for Aurland statsallmenning 2024 – 27, del 1

Utkast til plan låg føre.

#### **Handsaming i møtet:**

Nokre årstal vart retta i figurtekstane i del 1 av planen. Fjellstyret drøfta nokre tilhøve som kjem inn under del 3 og 4 i planen, og som vert teke med i planutkastet som vert lagt fram for neste fjellstyremøte der planen skal handsamast:

- Konflikt mellom omsynet til villrein og det aukande talet på fiskarar som tek seg langt innover til dei meir fjerntliggjande delane av statsallmenningen. Av same grunn skal fjellstyret ikkje driva noko form for reklame for fjellstyrehyttene, med unntak av dei to som ligg ved veg og som vert utleigde gjennom Inatur.no (Håbergsholene og Brubotn).
-

## MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 15.4.24

Stad: Fjordsenteret

---

*Sak 23/24, framhald:*

- Etter kvart som fjellstyret tek over fleire av dei tidlegare privateigde buene i allmenningen aukar den samla arbeidsmengda med vedlikehald av fjellstyret sine bygg. Dette må takast omsyn til når fleire saker som gjeld overtaking av buer kjem til handsaming. Planmessig vedlikehald og ansvarsfordeling av dette vert viktig framover.
- På dei overtekne buene bør det koma opp oppslag med oppmoding om at gjester bidreg til vedlikehaldet ved å betala inn ein sum for overnatting, t.d. på Vipps.

### **Samrøystes vedtak:**

Med dei endringane som vart gjort i møtet, ser del 1 av planen grei ut. Tilhøva som vart drøfta i møtet vert innarbeidde i del 3 og 4 i planen, som kjem opp att til samla handsaming i neste møte i fjellstyret.

Sak 24/24. Prisar på overnatting på fjellstyrehyttene

Saksutgreiing låg føre.

### **Samrøystes vedtak:**

Ny pris for overnatting på fjellstyrehyttene vert sett til kr 150. Det skal framleis vera gratis overnatting for born og ungdom fram til fylte 20 år.